

MØTEPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I DOVRE KOMMUNE

| | | |
|------------------|----------------|-----------------------|
| Møtedato: | Tid: | Møtestad: |
| Tysdag 19.12.23 | Kl. 8.00-12.30 | Toftemo turiststasjon |

Til stades på møtet:

| | |
|---------------|--|
| Medlemer: | Stine Heyerdahl Sveen (leiar), Magne Lunde (nestleiar), Greta Helene Talleraas, Guri Ruste, Hans-Jacob Dahl. |
| Varamedlemer: | Elisabeth Stende Simonsen, Jan Vidar Haugen , Gunvor Gauteplass, Mathias Skrugstad, Magne Botten. |
| Andre: | Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG Astrid Haga, Innlandet Revisjon IKS (sak 19-21) |

Saker som vart handsama:




| | |
|-------|--|
| 19/23 | Forenkla etterlevelseskontroll på økonomiområdet |
| 20/23 | Uavhengighetserklæring frå regnskapsrevisor |
| 21/23 | Overordna revisjonsstrategi for 2023 |
| 22/23 | Protokoll og orienteringar |

Andre opplysningar:

| | |
|-----------------|-----------------------------------|
| Møteinncalling: | 27. november 2023 |
| Møteleiar: | Stine Heyerdahl Sveen |
| Referent: | Elin Marit Andgard, sekretær SKNG |

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 19-22/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.





Utskrift:

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS, dagspresse og SKNG si heimeside

| | | | |
|------------------|--------------------|----------------|--------------------------|
| Møtedato: | Journalnr.: | Saknr.: | Saksbehandlar: |
| 19.12.2023 | 235/2023 | 19-22/2023 | Elin Marit Andgard, SKNG |

Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vart godkjent.

Informasjon om at saklista starter på sak 19/23 og ikkje sak 20/23 som det stod i innkallinga.

SAK 19/23 FORENKLA ETTERLEVELSESKONTROLL PÅ ØKONOMIOMRÅDET

Vedlegg

- Innlandet Revisjon IKS: Uavhengig revisors attestasjonsuttalelse om etterlevelse i økonomiforvaltningen - lojalitet til rammeavtaler

Bakgrunn

Kontrollutvalets ansvar og rolle for regnskapsrevisjon fylgjer av kommuneloven og forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Kommuneloven

§ 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a. kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b. det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- e. vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.*

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 3. Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at

- a. kommunens eller fylkeskommunens årsregnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b. regnskapsrevisjonen utføres i samsvar med lov, forskrift og kontrollutvalgets instruksjer og avtaler med revisor*
- c. regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.*

Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak.

Kontrollutvalget skal påse at regnskapsrevisorens påpekinger etter kommuneloven § 24-7 til § 24-9 blir rettet eller fulgt opp. Hvis påpekingene ikke blir rettet eller fulgt opp, skal kontrollutvalget rapportere det til kommunestyret eller fylkestinget.

Fakta

Kommuneloven presiserer regnskapsrevisors ansvar for å gjennomføre forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen.

§ 24-9. Forenklet etterlevelseskontroll med økonomi-forvaltningen

Regnskapsrevisor skal se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollutvalget. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollutvalget, med kopi til kommunedirektøren, om resultatet av kontrollen.

Innlandet Revisjon IKS har utført eit attestasjonsoppdrag som skal gje moderat sikkerheit, i samband med kommunens etterleving av bestemmelser og vedtak for økonomiforvaltninga på fylgjande område: Kontroll av etterlevelse offentlige anskaffelser - lojalitet til rammeavtaler.

Innlandet Revisjon skriv i sin uttale kva som er lagt til grunn og avgrensningar.

Uttalen frå revisor er utarbeida for å gje kontrollutvalet betre grunnlag for å ivareta sitt påsjå-ansvar med økonomiforvaltningen i kommune, og skal ikkje nyttast til anna formål.

Revisors konklusjon:

"Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi ikke blitt oppmerksomme på noe som gir oss grunn til å tro at Dovre kommune ikke i det alt vesentlige har etterlevd bestemmelsene i de interne rutineene som gjelder for offentlige anskaffelser i forhold til lojalitet til rammeavtaler."

Vurdering

Revisjonen har utført forenkla etterlevelseskontroll med økonomiforvaltningen i samsvar med kommuneloven. Attestasjonen er gjeven innan fristen.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Møtehandsaming

Astrid Haga, Innlandet Revisjon IKS, presenterte forenkla etterlevelsekontroll på økonomiområdet og svarte på spørsmål.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

SAK 20/23 UAVHENGIGHETSERKLÆRING FRÅ REGNSKAPSREVISOR

Vedlegg

- Innlandet Revisjon IKS: Vurdering av oppdragsansvarlig regnskapsrevisors uavhengighet for Dovre kommune

Bakgrunn

Kontrollutvalets ansvar overfor revisjon følger av forskrift om kontrollutvalg og revisjon.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 3. *Kontrollutvalgets oppgaver ved regnskapsrevisjon*

Kontrollutvalget skal holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at c. regnskapsrevisjonen blir utført av revisorer som oppfyller kravene i kapittel 2 og 3.

Fakta

I følge Kommuneloven § 24-4 skal revisor være uavhengig og ha god vandel. Nærare krav til revisor finn i forskrift om kontrollutvalg og revisjon §§ 16-19.

Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

§ 19 *Krav til egenvurdering av uavhengighet:*

"Den som utfører revisjon eller annen kontroll for en kommune eller fylkeskommune skal løpende vurdere sin uavhengighet.

Oppdragsansvarlig revisor skal hvert år, og ellers ved behov, gi en skriftlig egenvurdering av sin uavhengighet til kontrollutvalget."

Regnskapsrevisor Astrid Haga har gjeve egenvurdering av sin uavhengigheit til kommunen.

Vurdering

I følge eigenvurderinga er regnskapsrevisor uavhengig i forhold til Dovre kommune.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalget tek uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor i Innlandet Revisjon IKS til orientering.

Møtehandsaming

Astrid Haga, Innlandet Revisjon IKS, utdypa eigenvurderinga om "overordnet krav til uavhengighet etter § 16" relatert til ny økonomisjef i kommunen.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalget tek uavhengighetsvurdering frå regnskapsrevisor i Innlandet Revisjon IKS til orientering.

SAK 21/23 OVERORDNA REVISJONSTRATEGI FOR 2023

Vedlegg

- Innlandet Revisjon IKS: Hovedtrekkene i overordnet revisjonsstrategi for 2023

Bakgrunn

I samsvar med gjeldande oppdragsavtale mellom Innlandet revisjon IKS og kontrollutvalet, utarbeider Innlandet Revisjon IKS overordna revisjonsstrategi som blir lagt fram for kontrollutvalet.

Fakta

Strategiplanen beskriv revisjonsomfanget og tidsplanen. Vidare er den bakgrunn for styring av oppdraget og gjev føringar for revisjonsplanen.

Overordna revisjonsstrategi har desse hovedpunkta:

- Innledning
- Risiko- og vesentlighetsvurderinger
- Tidspunkt for gjennomføring av revisjonen og styring av oppdraget
- Metodikk og angrepsvinkel
- Identifiserte vesentlige risikoområde
- Attestasjonsoppgaver
- Risiko- og vesentlighetsvurdering i forbindelse med forenklet etterlevelserevisjon med økonomiforvaltningen

Arbeidet med revisjonen vil rullerast etter kvart som revisjonen blir utført. Innlandet Revisjon IKS vil kommunisere dette undervegs.

Sekretariatets forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

Møtehandsaming

Astrid Haga, Innlandet revisjon IKS, presenterte overordna revisjonsstrategi og svarte på spørsmål.

Vedtaket var samrøysta.

Vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

SAK 22/23 PROTOKOLL OG OG ORIENTERINGAR

- **Protokoll**
 - Møteprotokoll frå kontrollutvalsmøtet 6. oktober 23
Møteprotokollen var utsendt 13.10.23. Sekretariatet har ikkje motteke nokon merknad til protokollen.
- **Opplæringstema**
 - Kontrollarbeid i kommunen
 - Kontrollutvalets ansvar, rolle og oppgåver
 - Kontrollutvalet, sekretariatet og revisjonen
- **Orienteringer**
 - Møteprotokoll frå styremøtet i SKNG 1. november 23
- **Ope post**
 - Møteplan fyrste halvår 2024
 - Påmelding til kursdag i januar

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 6. oktober 23 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.